

# Radøy bonde- og småbrukskarlag

Til rådmann i Radøy  
Kopi til      Ordførar  
                 Radøy bondelag  
                 Fellesnemnda for Alver kommune

Manger 13.01.19

## Landbrukskontor i Alver

Dette brevet er stila til rådmannen avdi me forstår det slik at politikarane langt på veg har delegert til rådmannen å avgjera og utforma organisering, lokalisering og øvrige ramer for landbrukskontor i den framtidige Alver kommune. Det er send kopi til ordførar og fellesnemnda for Alver kommune for å halda politikarane orientert.

Radøy bonde- og småbrukskarlag er lite glad for den spørjeundersøkinga landbrukskontora sende ut til bøndene før jul. Generelt har spørjeundersøkingar vorte alt for populære å gripa til då dei er rimeleg lette og billige å gjennomføra. Problemets er at ein oftast ikkje legg nok arbeid i utforminga for å få rettvisande resultat, og i neste omgang brukar utvalde delar av responsen til å legitimera eigne val og vurderingar.

Etter at svarfristen var gått ut 10. desember vart det send påminning om å svara på spørjeundersøkinga. Det tolkar me som eit teikn på dårlig oppslutning og lurar i så fall på kor nytig ei slik undersøking kan vera?

Det som likevel vekkjer størst uro er faglaga i landbruket sitt manglande høve til å vera med på prosessen med å forma den framtidige landbruksforvaltninga i Alver kommune. Så vidt me veit er fagorganisasjonane innan fleire andre felt dregne aktivt med på organiseringa av den nye kommunen.

Radøy bonde- og småbrukskarlag er eitt av fleire faglag som organiserar bøndene i distriktet. Faglaga ivaretar medlemmane sine interesser i alle spørsmål relatert til landbruksdrift. (RBS representerar ca 70 bønder). Samhandling med landbrukskontora og funksjonen av landbrukskontora er ei svært viktig sak for småbrukskarlaget. (Jamf. brev frå laget vårt send 22.11.17). Me meiner altså at faglaga for lengst burde vore involvert i denne prosessen. Me synest også det er merkeleg at heller ikkje landbruksfagrådet vert trekt med.

Radøy bonde- og småbrukskarlag ber med dette om at laget vårt får ta del i dei pågåande forhandlingane om alle spørsmål som vedkjem framtidig landbrukskontor i Alver kommune.

Med helsing  
Radøy bonde- og småbrukskarlag  
Geir Smith, leiar